

Rosendal med tap nummer 14

17.09.2013

Femtedivisjonslaget til Rosendal har i helga tapt 1-4 for Laksevåg og ligg nest sist på tabellen med 9 poeng. Berre Hetlevik ligg dårlegare an, også dei med 9, og imorgon onsdag skal dei to botnlaga møte kvarandre på Askøy. Så spør det om Rosendal kan unngå jumboplass. Tapet for Laksevåg var nummer 14 og det er 7 kampar att.

3 uskedelingar - Anders Bakke Berntsen, Kristoffer Rød og Tommy Røssland (innbyttar) var på spelarlista mot Laksevåg. Sindra Omvik sette inn det eine målet mot slutten av kampen.

Spelende trenar Jan Evald Såtendal seier at dei startar kampene for dårleg og at dei også denne gongen spela betre i andre omgangen. Alle tapa går ut over sjølvtiliten, innrømmer han

Av Ola Matti Mathisen